

INFORMASJON

HYRDINGRØYSTA

NR. 4/2022

DESEMBER

Grunnlagt 1938

83. årgang



God jul!

Frå redaksjonen

Det nærmar seg jul i år også og når dette blir lese har vi lagt bak oss mykje av den hektiske, men også trivelege adventstida.

Jula er tida for familihygge og glede, men også ettertanke og i somme tilfelle sagn. Kanskje står det ein tom stol ved julebordet i år, ein stol som i fjor tilhørde eit familiemedlem.

I jula går tankane ofte tilbake til barndommen og julefeiringa som var då. Ingen anna høgtid kallar på nostalgi og vern om tradisjonar enn jula. For mange er juletradisjonane nærast heilage og noko det ikkje skal tuklast med. Det gjeld pynting så vel som mat, kyrkjegang, juleselskap og kva som skal lesast i den store høgtida.

Julekonsertar i kyrkjene våre har i den seinare tid etablert seg som ein årvisst og populær tradisjon. Kyrkjene i Jølster har i år vore velsigna med ekstra mange julekonsertar med høg kvalitet. Det kan kanskje vere i tidlegaste laget å synge julesongar i november, men det gjorde gruppa Julesong frå Sogn i Helgheimskyrkja i slutten av november. Ein fantastisk konsert som vart avslutta med ståande applaus.

Jula skal først og fremst vere ei tid for glede og hygge og for dei aller fleste er det slik. Likevel skal vi vere klar over at ein god del slit med å få endane til å gå i hop. Galopperande prisar på naudsynte varer har skapt ei form for fattigdom som eit rikt land som vårt burde unngå. I eit rikt land som Noreg burde det vere sjølv sagt at alle kan vere i stand til å klare seg sjølv, og ikkje vere avhengig av økonomisk hjelp, som mange diverre er i dag. Mange, og stadig fleire, er også avhengige av å få mat frå Frelsesarmeen eller andre hjelpeorganisasjonar.

Sjølv om mange har det vanskeleg her til lands, så er det eit land i Europa som har det verre. Julaftan er det ti månader sidan det ukrainske folket vakna til invasjon og fullskala krig, sett i verk av leiinga i eit naboland og



Gedächtniskapelle Stille Nacht – Heilige Nacht i Oberndorf står på staden der kyrkja songen Glade jul vart framført for første gong i 1818 i si tid stod.

broderfolk. Folket i Ukraina har synt omverda eit mot og ein motstandsvilje som er heilt unik. Trass i store tap og lidingar står dei i mot ei nådelaus og brutal krigsmaskin som syner lite respekt for krigens reglar og folkerett. No når det stundar til jul, må det vere på sin plass å sende varme tankar til dette folket som går inn i ein lang og kald vinter med store problem når det gjeld å skaffe lys og varme. Tenk om partane kunne bli samde om å halde fred i jula, om ikkje anna, men det er vel for mykje å vente.

Jula 1914, den første jula under første verds- krig, opplevde dei engelske og tyske styrkane som sto mot kvarandre på vestfronten det som seinare har blitt kalla julevåpenkvila, men som eigentleg var fleire mindre våpenkviler. Det starta med at julekvelden steig den gamle julesongen «Stille Nacht» opp frå dei tyske skyttargravene ein stad på vestfronten. Ikkje lenge etter kunne soldatane høyre Silent Night, holy night stige opp frå dei engelske stillingane. Og ikkje nok med det; soldatane vandra att og fram i ingenmannsland og utveksla gåver til songen som på norsk sjølv sagt heiter «Glade jul Heilage jul»

Med ønskje om at dette underet må skjje også på dei ukrainske slettene, ønskjer vi alle ei god og fredeleg jul med gode ønskje for det nye året som snart kjem med sine blanke ark.

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80

Ope tysdag 9-15 : Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180

E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Nils Gjerland, leiar tlf.: 950 74 007

Ålhus sokn:

Irene Muren Knapstad tlf: 992 47 006

Helgheim sokn:

Astrid Aardalsbakke Feldt

☎ 416 84 368

Sokneprest Silje Sørebo

Kontortid etter avtale

☎ 473 99 492

silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdagkl. 9-15

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje

Sissel Vartdal

☎ 489 91 257

sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjeverje

Trond Herløund

☎ 489 58 086

trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik

☎ 99127430

rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner

Kontortid etter avtale

☎ 489 58 165

ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal

☎ 97 64 90 16

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085



Hugs bladpengane

Bladpengane er den viktigaste inntektskjelda vår. Om alle betalar kan vi lage eit både fyldigare og betre blad. Sjå meir på neste side.

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

ANDAKT

Tekst HALVOR NORDHAUG Foto: HALLSTEIN DVERGSDAL

Sei noko om Jesus!

Den 30. november slutta eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfatternen Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutsleg ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr



direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Når det gjeld prosessen med å skaffe ny biskop, så er den godt i gang. Fem kandidatar er nominerte og i starten av januar er fristen for sokneråd og prestar å gje si røyst i bispevalet. Den nye biskopen blir tilsett 5. februar neste år.

Red.

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året. Betalinga er

frivillig. Annonseren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år. For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast.

Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703. 30 09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hallstein Dvergdsdal,
Björg Dvergdsdal og
Hildegunn Huus

epost: hdvergdsdal@gmail.com

Neste nummer kjem til påske.

**GJESTESKRIBENTEN:**

Hyrdingrøysta har starta ei ny spalte, ein tumleplass for dei med skrivekløe og for dei som brenn for noko. I denne spalta vil vi oppfor-

dre jølstringar om å skrive om noko som opptek dei, noko som er aktuelt i tida, eller noko dei trur kan vere godt for andre å lese. I tillegg til å oppmode skribentar om å melde seg, vil vi også utfordre nokre vi

trur kan vere med på å gje liv til denne spalta.

Denne gongen er det ANETTE HUUS som skriv om det å hente juletre.

Juletre

Du grønne, glitrande tre, god dag!
Velkommen, du som vi ser så gjerne,
Med julelys og med norske flagg
Og høgt i toppen den gylte stjerne!

Ja, ho må blenkja, så vi må tenkja.
Ja, ho må blenkja, så vi må tenkja
På Jesus Krist, på Jesus Krist.

(til nynorsk av Odd Nordstoga)

Tekst: ANETTE HUUS

Det meste vi vi tek oss til før jul og i juletida handlar om tradisjonar, og ein gamal tradisjon som er svært vanleg i dei fleste heimar i jula er juletreet.

I nteriorblada og internett er fulle av gode tips til korleis du kan pynte treet ditt om du er ein som likar da minimalistisk, pompøst, raudt eller kvitt. Og ikkje minst, no til dags kan du pakke treet ditt ut frå skåpet ferdig pynta i den same fine stilen du bestemte deg for å følge i fjor. Knapt ei nål har ramla av, ein treng ikkje uroa seg for vatning av treet om ein skal reise vekk og ein treng ikkje krangle om kven som skal setje stjerna på toppen for den er alt på plass. So var det dette med tradisjon då. For meg føl da mykje tradisjon med dette juletreet og dei tradisjonane tek til frå vi byrja å planlegge kor tid og kvar vi skal

hente det. Eg skal ikkje hente det i skåpet eller frå noko butikk, men frå skogen. Det skal sjølvstekt helst vere snø den dagen og, men der har eg måtte vike litt på prinsippa elles hadde da vorte fleire år utan juletre.

Det skal pratast

Øks og sag tek vi med oss og so legg vi i veg. Det skal pratast litt undervegs, prate seg litt vekk, syngje og diskutere. For kva skal vi gå for i år, breitt og lågt eller smalt og høgt. Mor



Tekstforfattaren fotografert framfor «jaktbyttet» julafta 2021.

Draumar, svik og stor kjærleik

«Josef» er ei av verdas vakraste forteljingar! Denne foreinar kristendom, islam og jødedom. Eit referanseverk i verdslitteraturen.

Tekst og foto: STEINAR DVERGSDAL

og far er framleis ikkje einige på dette feltet og må få velje kvar sitt år. Eg og min mann likar helst litt særpreg, treet vårt kan godt ha nokre skavankar det er berre sjarmerande. Når familien so er omtrent einige skal treet fellast, då må store og små hjelpast åt. Turen heimover går med smil om munnen der ein er godt nøgd med fangsten og ikkje minst over ei god oppleving ute i skogen. Eg går alltid bakarst og tenkjer at no har vi kosa oss, men kvifor tok eg ikkje med termos med kakao? Det skal eg hugse til neste år, for då er det sikkert snø og skikkeleg julestemning.

Vel heime prøvar vi å følgje alle gode råd om korleis treet forsiktig må oppleve overgang mellom ute og inne, og at ein må vatne med det eine og det andre for at treet skal halde på nålene lengst mogeleg. Når julekvelden so nærmar seg, hentar vi fram kasse på kasse med julekuler og lys, nøye og systematisk pakka ned frå året før. Tradisjonen tru slik det framleis er heime hos mor og far, og no hos meg sjølv skal dei kulene ein er mest redd for henge høgast oppe og so går vi suksessivt nedover. Nedste halvdel av treet er gjerne det som er mest pynta for der rekke alle barnehendene opp, og lagar eit sjarmerande samansurium av heimelaga og jugl. Krangling om å setje stjerna i toppen har vi heller ikkje, for den jobben er det far i huset som har før han tenner lysa og gåsehuda forplantar seg oppover armane. Velkommen du som vi ser så gjerne, med julelys og med norske flagg. Og høgt i toppen den gylte stjerne.

Eg som jaktar det rette juletreet i skogen er Anette Huus, og juletreet hentar eg saman med mann og to born. Som utflytta Jolstring til Bergen må eg dessverre godta mang ei juletrejakt i regn. Iyrket mitt som lærar held eg hardt på tradisjonane, og prøvar å lære elevane om eldre tradisjonar og gleder av å skape seg nye tradisjonar samen.

God juletre jakt og god jul!

Helga Samset er ein av Noregs beste forteljarar. Slik reklamerte Silje prest for tilstellinga i Ålhus Kyrkje 15. nov.

Josef, ikkje han i juleevangeliet, men Josef frå det gamle testamentet. Vi hugsar historia frå sondagsskulen som uhyggeleg. Gullgut til far sin. Drøymde om å bli noko stort. Vart kasta i brunnen for å døy, av misunnelege brør. Hamna som tenar hos farao. Vart urettvist kasta i verste fangeholet for fleire år. Tydde draumen til farao med dei sju feite og dei sju magre kyrne. Vart høge handa til farao. Samla matlager i dei sju grøderike åra. Nok å leve på for Egypt i dei sju uåra.

Nytt liv til gammal forteljing

Helga Samset gav nytt liv til den gamle forteljinga. Ei fullsett kyrkje sat som fjetra. Alle strekte hals og lytta. Ikkje eit blikk til sides. Inga fingring med telefon.

Når så brørne dukka opp for å kjøpe mat, utan å vite at det var Josef dei møtte, var Josef dregen mellom hat og hemnlust, og kjærleik til si eiga familie. Det enda godt med omfamning og kjærleik.

I samtale med Helga Samset etterpå, reflekterte vi litt over kva som er å lære av denne sterke historia. Det er kanskje ikkje så stor avstand mellom hat og kjærleik. Ein kan velje mellom hemn og kjærleik. Det er større lukke for alle partar å velje kjærleiken i staden for hat og hemn. Så skal ein vel ikkje vere redd for å drøyme store draumar. Og til det heilt materielle og «matnyttige». Syt for å samle korn i Stavanger Hamnesilo så ein har i dei sju magre!

Kjærleik framfor hat

Jazzmusikaren som hadde øvd inn saman med Samset, var sjuk og kom ikkje. Silje



Helga Samset i Ålbus kyrkje.

introduserte den musikalske «prestefrua», Erlend Os. Han hadde fått øvd litt i løpet av dagen. Han ikkje berre berga forestillinga. For publikum verka han for å vere fødd inn i rolla.

Etterpå vart mange nok til å fylle begge stovene i prestegarden, med på allsong, kaffi og mat i der. Flotte songtekstar, kraftig song. Flott musikk av Rune Molvik.

Flotte og varme opplevingar å fylle sjela med, inn mot vinter og kulde.

Lærdom: Drøym store draumar. Vel kjærleik framfor hat. Fyll kornlagera for kriseåra.

Biskop Halvor på avskjedsturné



Biskop Halvor sin siste preike i Førde kyrkje.

Biskop Halvor Nordhaug har gått av med pensjon. I haust har han vore på avskjedsturné rundt i bispedømet.

Tekst: HANNE SCHNITLER.

Foto: JENS MEYER

Artikkelen er henta frå «Helg og heim»

I 2009 vart Halvor Nordhaug innsett som biskop i Bjørgvin bispedøme. I løpet av desse åra har han vore på mange besøk i Sunnfjord.

Samling med tilsette og frivillige

Ein oktoberkveld var tilsette og frivillige i heile Sunnfjord invitert til kveldsgudstjeneste, kyrkjekaffi og foredrag på Kyrkjetunet i Førde, for å ta avskjed med biskopen. I kyrkja minna han på Jesu likning om dei to brørne, der den eine skusla bort farsarven, men blei tatt imot av faren med nåde og tilgjeving. Den andre broren meinte det var urettvist. Biskop Halvor sa at hans misjon har vore å peike på Guds uendelige nåde som i vår tankegang kan synest urettvis.

Sjokk

Under kyrkjekaffien fortalde biskopen, som kjem frå Østfold, om sitt møte med Vestlan-

det og vestlendingane. Ville han, som austlending, forstå folket og språket? Det første han fekk var eit «skjonnetssjokk» når han



Biskopen møtte dei tilsette.

reiste rundt i bispedømmet. Etter kvart blei han kjent med det vestlandske lynnet, og demonstrerte ganglaget: Vestlendingen går framoverbøyd på spranget til å etablere eit oppdrettsanlegg eller bygge eit kyrkjelydshus. Austlendingen går tilbakelemt og ventar på statstilskot. Vestlendingen er glad i kyrkja, meiner biskopen, – sjølv om han ikkje alltid finn vegen dit.

Biskop Halvor minner oss på å vere stolte av trua, stolte av kyrkja, og halde fram det gode kyrkja har stått for, utan å fornekte det kyrkja har gjort gale. I 2024 skal vi feire at det er 1000 år sidan Olav Haraldson innførte Kristenretten i Norge. Det er verd det ein markering, meiner han.

Samarbeid med kyrkja på Cuba

Som avskjedsgåve frå fellesråda fekk biskopen ei pengegåve som skal gå til eit prosjekt han har vore svært opptatt av: Støtte til den Lutherske kyrkja på Cuba. Cuba er fattig, inflasjonen er skyhøg, og det er mangel på m.a. mat og medisinar.

No har Bjørgvin Bispedømme i samarbeid med Normisjon inngått ei venskapsavtale med denne kyrkja. I desember skal ein heil container bli fylt med medisinar, hygieneartiklar, brukte kle, sykklar og symaskiner, og skipast til Cuba.

Du kan lese meir om dette prosjektet på nettsida til Bjørgvin Bispedømme.

Om du vil vere med og gje ei gåve til kyrkja på Cuba, kan du nytte kontonummer 1503.02.13537 (Normisjon), eller Vipps 96005. Merk gåva «Prosjektnummer 351002»



På samlinga for frivillige vart det tid til samtale rundt borda.



Illustrasjonsfoto.

Søker fosterheimar hjå kyrkja sine medlemmer

Det er eit stort behov for fleire fosterheimar og familiar med ulike bakgrunn. Fosterheimstenesta i Bufetat, region Vest samarbeider med Sunnfjord prosti og Den norske kyrkja.

Tekst og foto: FOSTERHEIMSTENESTA

Som ambassadør vil kyrkja hjelpe til med å synleggjere behovet for fosterheimar hjå sine medlemmer. Målet er å rekruttere fleire fosterheimar.

Mange ventar på fosterheim

Over 200 born og unge ventar på fosterheim i Noreg i dag. Hilde Yndestad Halland som er avdelingsleiar i Fosterheimstenesta avd. Forde i region Vest, understrekar at det er behov for mangfald mellom fosterheimane i regionen. Ein god fosterheim kjenneteiknast av vaksne med god omsorgsevne som kan gje borna gode, trygge og stabile rammer.

– Fosterbarn er som alle andre barn, dei er ulike. Dei har ulike bakgrunn og ulike behov og treng ulike fosterheimar. Felles for alle er at dei treng vaksne som kan gje tryggleik, omsorg og kjærleik.

I oppvekstreforma som tredde i kraft i år, står det mellom anna at barnet si kulturelle og religiøse tilhøyring også skal ivareta.



Hilde Yndestad Halland oppfordrar alle med spørsmål rundt det å vere fosterheim om å ta kontakt. Det gjer du ved å gå inn på www.fosterheim.no. Her kan du og melde deg på digitale informasjonsmøte. Det er heilt uforspliktande å snakke med oss i fosterheimstenesta.

Samarbeid for å rekruttere fleire fosterheimar.

Bakgrunn for samarbeidet mellom fosterheimstenesta og Den norske kyrkja er at tidlegare barne- og familieminister, Kjell Inge Ropstad, inviterte alle tru- og livssynsamfunn i Noreg til ein felles dugnad for å rekruttere fleire fosterheimar.

Denne dugnaden jobbar Fosterheimstenesta i Bufetat, region Vest, avdeling Forde med. Målet er å synleggjere behovet for fosterheimar og vonleg få endå fleire familiar til å bli fosterheim.

– Vi ynskjer å få flest mogeleg til å tenkje på og vurdere om dei kan bli fosterheim sjølv. Ta praten i heimen. Hugs at du kan utgjere ein stor forskjell for det barnet som treng deg, er oppmodinga frå Halland.

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det ufordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du ufordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



Møte med eit dikt

Denne gongen er det Ingrid Søyland som presenterer eit dikt ho er glad i.

Eg har ein bror

Av Ragnvald Skrede

Jørund og Jon var brør
og var så gode vener –
ein gong fann dei eit haukreir i lag.
Så skildest vegane;
i alle år
gjekk dei kvar sine bruer.

Jørund hamna i kongens råd;
men på Jon
slo den eine filla den andre i svime;
han drømde ved blomar og fivreld
når han skulle gjort gagns verk,
og når godtfolk gliste av fillene,
visste han berre eitt å seia:
Eg har ein bror.....

Ved den siste brua råkast dei,
og den var mørk,
og Jørund var redd.
Men Jon var mild i mælet
som alltid elles
og tala med så trygge og faste ord
at Jørund fekk att sin pondus
og tenkte den beste av alle sine tankar:
Eg har ein bror!



Ingrid Søyland har valt seg eit dikt av Ragnvald Skrede.

Ønskediktet

Då eg gjekk på lærar-skulen, hadde radio-en laurdagskveldane eit program kalla Ønskediktet. Lyttarane kunne sende inn ønskje om dikt dei ville høyre opplesne, gjerne av diktaren sjølv. Eg sende inn ønskje om eit dikt av Ragnvald Skrede, som vart

framført i Ønskediktet. Litt etter fekk eg tilsendt diktsamlinga Flyttfuglar av forfattaren, der han skreiv: «Ingrid Søyland. Takk for ønskediktet, og lukke til med skolegangen! Ragnvald Skrede.» Det var stas.

Diktet eg har valt her, har følgt meg heile livet. Det

seier noko om nære relasjonar, som kan verte ganske så fjerne etter kvart som åra går. Men når det kjem til stykket, kan banda frå fortida vise seg å framleis vere sterke og uslitande. Rollane kan snu heilt om, og ein sit att med tanken: Kva er suksess? Kva er lukke?

Mi barndoms jul

Når jula nærmar seg kjenner eg alltid på eit vemod. Litt sorg over tapte illusjonar. Kva drøyer vi om, kva samanliknar vi med, og korleis er egentleg realitetane ?

Tekst og foto:
INGER JOHANNE KLAKEGG

Då som no blir jula ofte framstilt som eit glitrande julekort, der alle er glade og alt er fint, men etter kvart måtte eg innsjå at det var ikkje heilt slik.

Stor søskenflokk

Eg vaks opp som nr 2 i ein stor søskenflokk med ei mor som var heimearbeidande og tok seg av hus og heim, og ein far som var dobbeltarbeidande for å få endane til å møtast.

Vi ungane gledde oss til jul og vi fekk vere med i juleforebuingane, for eks julebakst. Eg fann fort ut at det var kjekkare å ete deig enn å prøve å røre smør og sukker kvitt med tresleiv, eller smuldre smør i mjøl med fingrane. Men julekaker blei det. Vi farga marsipan og lagde kuler og figurar, og vi teikna julekort og julegavelappar. Julepynt laga vi òg, fletta korgar og laga lekkjer av farga glanspapir. Mange av julegåvene lagde vi sjølv. Vi strikka sokkar, vottar og gryteklutar, og vi broderte bokmerke eller serviettar med korssting og stilkesting, medan vi talde dagar til jul. Eg hugsar eit år eg og storesøster mi lagde dokkemøblar til veslesøstera vår. Vi limte saman tomme fyrstikkøskjer og limte på fint papir. Stolar, sofa bord og kommode blei pakka fint inn i julepapir. Då julekvelden kom opna ho gåva, reiv av det fine papiret vi hadde limt på og utbraut gledestrålande: «Masse fyrstikkøskjer». Ho var strålende fornøgd, mens vi «møbelsnekkarane» følte nok litt på bortkasta arbeid.

Forventning

Førjulstida var fylt av forventning og foreldra mine gjorde så godt dei kunne for at alt skulle bli ferdig og bli bra. Dei handla julegåver, og det vi trengde av kle og sko låg gjerne under treet på julekvelden. Far min bad alltid om ønskeliste frå mor mi og uansett kor kort eller lang den var, så fekk ho alt som stod på lista. Det var alltid småting som ho trong, enten til



Inger Johanne Klakegg ser tilbake på barndommens jul.

seg sjølv eller huset, men under treet kom det.

Vesle julaftan pynta foreldra mine juletreet etter at vi ungane hadde lagt oss, og etterpå hørte dei på radio saman. Då eg blei eldre fekk eg ta del i denne seremonien og eg tenker på det som eit av dei finaste minna eg har frå jula. Eg måtte alltid høyre «Julekveld i skogen» med Rolf Just Nilsen før eg la meg. Den passa fint inn i min draum, og eg var stor for eg skjønnte ironien.

Kong alkohol

Vi hadde ein ekstra «gjest» hos oss som øydela mykje, både i jula og elles, han heitte «Kong alkohol» Vi visste aldri når stemninga snudde frå god julestemning til munnbruk og tårer. Alkoholisme er ein sjukdom som vekkjer liten sympati og er noko som ein dekkjer over så godt ein kan. Men det skaper utrygghet for mange. Eg las mykje om korleis den «perfekte» jula var hos andre, og trudde nok at det var berre blide vaksne i alle andre heimar. Eg hadde klump i magen og håpte inderleg at «i år blir det bra» Eg tok på meg ei «fredsmeklar» oppgåve der eg lokka og «trua» småsøskena mine til ikkje å ta til motmæle, ikkje krangle, ikkje erte, ikkje klage på maten, men teie og vere stille. Det lukkast sjeldan. Det var nok eg som var den mest pysete og som blei

redd når stemninga snudde. Drøymde om julemiddag der juleevangeliet blei lese og der det var gang rundt juletreet slik eg hadde sett i julehefta eg las. Men det var stas då julegåvene blei delt ut og vi jubla over oppfylte ønske.

Viljen var der

Første juledag fekk vi ikkje gå til nokon der som vi ikkje var invitert, heller ikkje ringe på dører. Då las vi gjerne bøker vi hadde fått til jul, og skreiv takkebrev til besteforeldre, tantar og onklar som hadde gitt oss julegåver. Då eg var 10 år fekk eg ei bestevenninne, og kvart år invitert ho meg i juleselskap 1. juledag, så då ordna det seg for meg.

Etter som eg blei eldre kjendest det som om det skulle mindre og mindre til for stemninga snudde. Når eg no ser tilbake ser eg jo at ønske om å gje oss ei god jul var der, men evna til å gjennomføre blei mindre og mindre. Det var nok ikkje berre vi ungane som kjende på dette. Det var heilt sikkert vondt for far min òg. Kjensla av å mislukkast gjorde det ikkje enklare, og avmakt og fortvilning over seg sjølv førte til dårleg stemning for alle.

Mykje i mi barndoms jul var bra og fint, men «Kong alkohol» øydela mykje, så slik av mi barndoms jul.

LITT FOR ALLE, MEST FOR BARN

	1	2	3	4	5
1					
2					
3					
4					
5					

Løysingane skal verte dei same både vassrett og loddrett.

1. Ein av læresveinane til Jesus
2. Namn frå bibelen.
3. Siffer.
4. Union
5. Bokstav

Trekantkryss



KOR GAMMAL ER MANNEN?

Legg saman alle tala, så får du sjå.
Han er nok eldre enn han ser ut til,
denne karen!

Bibel-quiz

1. Kvar i Bibelen kan vi lese om jesu fødsel?
2. Kva heitte dei tre vise men?
3. Kva heiter julesongen der vi syng -vise menn frå austerland, ferdastaven tek i hand?
4. Kva heiter julesongen der dei har vaska golvet og børi ved?
5. Kva heiter den norske forfattaren som har skrive mange songar som mellom anna «Musevisa»?
6. Kva heitar den lengste elva i verda?
7. Kva er ein metropol?
8. Kor mange evangelier er det i Bibelen?



Hildegunn og Bjørg er komne i julestemning, men er vorte overivrige med pyntinga. Kan du finn ti ting som ikkje har noko i forteljinga om Jesus fødsel å gjere.

Årets konfirmantar

Konfirmantane
i Ålhus sokn.



Foto: Helle foto

Ålhus sokn. Vassenden kyrkjesenter 08.mai og Ålhus kyrkje 26.mai.

Oppe til venstre. Ola Sæde Furestad, Sebastian Ardal, Kasperell, Erlend Magnusson, Othar Grønnevang, Lukas Reite-Bjelland, Dina Gjesdal Fagerheim, Linea Eikofjord Helen, Jase Adriana Klabbø, Bertine Raddal Sklette, Linea Ekrokar Vasla, Maria Grinche Borg, Anada Grinche Borg, Mira Stefriig Ulmestad, Emeline Grueli Ølgaard, Nora Tost, Christina Tuxen Myrhael

Nede frå venstre. Sokaoprost Silje Sørø, Olvor Guro Mo, Ard Ragnar Sædel, Astak Eikås, Olav Nejeen Flatås, Kjetil Aareen Talle, Jarrod Mathias Håheim, Anders Finlaad Stalheim, Emmanee Sædel, Ingrid Svidal Myhren, Maria Sagror, Aglax Myrnes

Fotograf Helle

Konfirmantane
i Helgheim
sokn.



Foto: Helle foto

Konfirmantar Helgheim kyrkje 01.05.2022

Oppe frå venstre. Taliva Flatjord Sæde, Gabija Burkauskite, Marous Andax Gosen, A' smud Sæde Forde, Valentino Cardenas Fagle, Emma Fox

Nede frå venstre. Leon Veas Krog, Eirik Mallovik, Roija Vasla Urheim, Britt Elisabeth Strand Håheim, Sokaoprost Silje Sørø

Bjørg går frå borde i Hyrdingrøysta

Sidan våren 2017 har Bjørg Dvergsdal vore ein fast og solid medarbeidar i kyrkjebladet. Av ymse årsaker har ho no bestemt seg for å forlate redaksjonen.

Tekst og foto: HALLSTEIN DVERGSDAL

Ho hadde egentleg tenkt å slutte i fjor, men sidan det synt seg vanskeleg å finne ein erstatnar, så gjekk ho med på å stå litt til. – De lyt dragast med meg ei stund til, sa ho då, noko vi andre var glade for.

Solid medarbeidar

Bjørg har heile tida vore ein dedikert og dyktig medarbeidar i redaksjonen vår. Ho er eit oppkomme av idear og ho har vore ein viktig aktør når det gjeld å utvikle bladet. Spalta «møtet med eit dikt» er hennar «barn» og ho har alltid kandidatar klar som vi kan spørje om å delta i denne spalta.

Vi har opplevd henne som ein sær påliteleg medarbeidar med stor omsorg for bladet ho har vore med på lage. Vi kjem til å sakne Bjørg i redaksjonen, men ønskjer henne lukke til



vidare med alt ho har å styre med i pensjonistlivet.

Velkommen til Ingrid

Vi er svært glade for å ønskje Ingrid Søyland velkommen som ny medarbeidar i redaksjonen. Den pensjonerte læraren frå Vassenden

skule har bakgrunn mellom anna frå Jølster Mållag og er eit språk- og kultur menneske som vi ganske sikkert vil få mykje glede av i redaksjonen. Vi ønskjer Ingrid velkommen og ser fram til eit givande samarbeid. Ho blir med på nyåret i ein glidande overgang med Bjørg Dvergsdal.

Det lyser i stille grender

Slik tona det i fyldig song på utsida av grendehuset i Førse medan julelysa vart tende i bakkane ovanfor. På tradisjonelt vis var dette avslutning på adventgudstenesta 2. søndag i advent.

Tekst og foto: Steinar Dvergsdal

Så bar det inn att frå vinterkulden til oppdekkede bord med «kyrkjekaffi». Ja, det var kaffi og kaker, men eg vil heller kalle det eit fullverdig måltid. I tillegg til safta, kaffien og kakene, var det påsmurd mat i mange variantar og i rikeleg mengde. I denne grenda i Jølster, er det no færre enn 20 fastbuande. Til gudstenesta denne søndagen var grendehuset fylt heilt, med 40 framkomte. Slå den!

Silje prest skrytte av at det vanlegvis var god song i Førse. Ho hadde plukka ut ein litt



krevjande salme som ho ikkje kunne bruke alle stader. Ho var trygg på at det ville gå fint her. Det gjorde det! Som preike framførde ho ei forteljing på meisterleg vis. Bodskapen,

ja den var vel noko slik. Visst skal vi setje oss mål og gjere vårt beste til å nå dei, men vi vil alle oppleve å mislukkast til tider. Vi vert ikkje forkasta av den grunn.

KYRKJA PÅ VASSENDEN 20 ÅR

Meir om jubileumsfeiringa

På vigslingsdatoen den 22. september feira vi 20.årsjubileet med gjensyn av vigslingsgudstenesta.

Av KARL RUSSØY
Foto HALLSTEIN DVERGSDAL

Video-opptaket hadde Jens Vallestad stått for, og vi har no fått det i gåve frå han. Det er vi svært takksame for.

Hans Nielsen Hauge

Sjølvsagt måtte år 1802 også minnast i jubel-året 2022. Hans Nielsen Hauge vandra då sannsynleg to gonger mellom Sunnfjord og Sogn. Kunne han komme innom Førde utan å sjå Jølstravatnet? Til jubileet i år kom Hauge hit. Den 11. september kom Svein Kvamsdal i rolla som Hans Nielsen Hauge. Med sin direkte Hauge-monolog, på Hauge sitt eige språk, heldt han oss i ånde under dramatiseringa. Som Hauge, så også Kvamsdal – ein bodskap med kraft og tyngde.

Til ettertanke: Vi er attende i tida då kongane over kjølen heitte Karl, kvar med sitt eige nummer, og 1795, då Ålhuskyrkja stod nybygd i skinande kvitt tømmer og presten heitte Andreas Doth og heng på første plass i bildegalleriet i Ålhuskyrkja. Det var han, saman med lensmann Jens Eriksen Nedrebø som måtte ta grep om Hauge dukka opp i Jølster. Konventikkelpakaten var eit nådeløst vern om preste-embetet, signert av kongen. Den var gjeldande i 101 år, frå 1741 – 1842. Midt i denne perioden finn vi Hans Nielsen Hauge, som levde i 53 år, 1771 – 1824.

Den aktive perioden hans var åtte år, frå 1796 – 1804.

Åtte aktive år

Åtte år med reiser, Bergen, Trondhjem, København, Tromsø, Christiania, Naustdal, Luster, Svanøy osv. Åtte år som forfattar av 30 bøker, ei på over 900 sider, elles mange skrifter, etter kvart trykt på eige trykkeri.

Åtte år med verksemdetablering, sjølv eigar av 11 større verksemdar – tok initiativ til å etablere over 20 større verksemdar med privat eigar, til dømes Svanø storgods med eigeidomsforvaltning, gruvedrift, saltkokeri, gardsdrift osv.



Vassenden kyrkjesenter.

Åtte år som omreisande talar og reformator. Bygde eit nettverk over heile landet for å nå ut med skrifter og bodskap.

Åtte år med samfunnsengasjement og folkeopplysing.

Ti år seinare - 3 haugianarar på riksforsamlinga på Eidsvoll, men langt fleire som var påverka av Hauge si verksemd.

Han er utan tvil den enkelt personen som har sett mest spor etter seg i norsk kyrkjesoge. Det gjeld kanskje også næringsliv og samfunnsutvikling. Livet hans var eit fundament for ettertida.

Kyrkja på Vassenden står kanskje også på denne grunnmuren. Kanskje ho ikkje hadde stått utan grunnmur?

Jubileumsgudsteneste

Vi slutta av jubileet med gudstenesta søndag 2. oktober. 4-åringane var med på 20-årsfeiringa, dei deltok med korsong, fekk 4-årsboka og kroner på hovudet.

Overraskande fekk vi møte kvinne og mann frå Eikås 1925. Ho sterkt engasjert i arbeidet med duken til første kyrkjebasaren og sterk tru på kyrkjeprosjektet. Han like tvilande, og inga tru på kyrkje på Vassenden.

I rollene Bjørg Dvergsdal og Rune Molvik.

Fire vaksne vart heidra med kroner på hovudet i høve feiringa. Det blei fullt i matsalen, kakebordet opna med fyrverkeri, kaffi kom i koppane og praten gjekk. Silje henta fram prolog frå kyrkjefest på Eikås 1947, skrive av Helga Fluge. Takk til alle som har delteke i ulike roller for å markere 20-årsjubileet.

Ull og omtanke

Kven av oss har ikkje høyrte om eit interessant prosjekt og fått lyst til å gjere noko liknande – men så blir det med tanken?

Tekst og bilde:
HANNE SCHNITLER

Kari Skullerud Holsen let det ikkje bli med tanken. Ho hadde lese ein artikkel om eit spesielt strikkeprosjekt. Det starta med ei kvinne som strikka eit teppe til ei veninne som hadde fått kreft.

Dette blei starten på ei omfattande rørsle der mange strikker lappar som så blir sydd saman til varmande teppe. Vener eller familie kan tinge eit teppe som dei kan gje til personar som har fått kreft. Rørsla har fått namnet «Ull&omtanke», og det er no fleire lokale grupper rundt i landet.

Kari tok kontakt med ei av strikkegruppene for å få tilsendt eit teppe ho kunne gje vidare.

– Det skulle vært ei slik gruppe i Sunnfjord óg, tenkte Kari. Som fersk pensjonist hadde ho tid, og dermed gjekk ho i gang med å etablere ei lokal gruppe. Ho fekk laga eigen facebook-side, «Ull&omtanke Sunnfjord», og informasjonsskriv på nynorsk. Kvart teppe skal vere nummerert og ha påsydd logo, og ho har fått tak i stoff og stempel. Det skal óg følgje ei helsing med kvart teppe der det står kven som er gjevar.

– No er fleire med og strikkar, fortel Kari. Men vi manglar nokon som kan montere teppene. Kanskje er det nokon som les dette som likar å sy? Då er det berre å melde seg.



Kari Skullerud Holsen trivst med eit strikkeset i hendene.

– Om eg vil vere med, må eg forplikte meg til å strikke mykje?

– Nei, det må du ikkje. Men du må følgje oppskrifta slik at alle lappene blir like store. Helst bør ein nytte garn av rein ull, og garnet må vere einsfarga. Det ligg jo og ein gjenbrukstankegang bak dette. Ein får gjort nytte av smårestar som mange har liggjande

heime. Det er difor lappene er så små.


Det skal heller ikkje koste noko å vere med, og det kostar ikkje noko å gje vekk eit teppe. I Førde kan ein levere lappar på Sybutikken Sting for Sting og i kassa i 2. etg på Coop Mega. Så vil dei bli henta der og bli brukt til å lage tepper.

– Dette må seiast å vere eit diakonalt prosjekt?

– Ja, og det i tredobbel forstand. Dette er så enkelt å vere med på, og likevel kjenne at ein kan bidra med å gjere ein forskjell for andre. Pårørande eller vener til ein kreftramme kan få vise at dei bryr seg ved å tinge og gje vekk eit teppe. Og mottakaren får omtanke i form at eit



150 fargerike lapper skal bli til eit varmande teppe.



På strikketreff på Førde kyrkjetun blei det vist korleis ein syr saman lapper til teppe.

varmande teppe, som mange har laga i lag.

Kari finn fram fleire kassar med ferdigstrikka lapper. Ho legg nokre av dei utover golvet. Ulike blåtonar, mørk lilla, skarp fiolett og lys grå. – Dei skal syast saman til like lange lengder, så skal lengdene syast saman. Eg har fått hjelp av Audgunn Naustdal

Holsen, som er tekstilkunstnar, til å setje saman fargar slik at sluttresultatet blir så fint som mogleg.

Kari har vendt seg til Diakoni- og miljøutvalet i Førde kyrkjelyd for å kunne ha nokon i ryggen i oppstartsfasen. Tanken var å få til nokre samlingar på Førde kyr-

kjetun, og første strikketreff var måndag 24. oktober.

Om det er interesse for det, blir det strikketreff annankvar måndag kl. 11- 14 i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun. Det er kjekt at fleire kjem saman for å få informasjon om prosjektet, og for å strikke og pratast. Ein kan halde fram med dette prosjek-

tet, eller la kreativiteten utfalde seg på andre måtar.

Vil du vere med? Du kan gå inn på facebookgruppa «Ull&omtanke Sunnfjord», eller kontakte Kari Skullerud Holsen på tlf. 976 23 905.



SLIK STRIKKAR DU EIN LAPP:

1. Bruk 100% (min. 80%) ullgarn som passar til pinner nr. 4 eller 5.
2. Om garnet er tynt kan du bruke dobbelt garn.
3. Legg opp 9 masker. Strikk rettsstrikk fram og tilbake.
4. Ikkje ta av fyrste maska, men strikk alle.
5. Sjå til at lappen blir om lag 5-6 cm brei.
6. Strikk til lappen er 21 cm. Lang. Fell av og fest trådane.

Logoen skal følgje kvart teppe.



Barneteater
Laurdag 25. mars
kl. 13.00
**VASSENDEN
KYRKJESENTER**
Barneteater «Kirkerottene»

Mariahelg på Alværa misjonscenter, Lavik 2023

Innimellom treng vi å få litt avstand til alle gjeremål i kvardagen. Helga 3.-5.mars 2023 arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar på Alværa misjonscenter. Målet med Mariahelg er å senke skuldrane, finne kvile og mat for sjela. Her blir det både felles mål-

tid, hyggeleg sosialt fellesskap med andre, og høve til å nyte den fine naturen ved sjøen. Tema for helga er ikkje avklart enda, meir informasjon om det kjem når programmet er klart. Uansett – sett av helga no; 3.-5. mars

Spørsmål om helga/program -ta kontakt med Hanne Bildøy
tlf 996 10 528, epost hanne@bildoys.no

Lys vaken helg november 2022

Laurdag ettermiddag var 42 born frå 5. og 6. klasse på Skei og Vassenden skule samla på kyrkjesenteret på Vassenden til Lys vaken helg.

Tekst og foto:
REIDUN GRAVDAL

Borna vart delte inn i grupper og deltok i ulike aktivitetar som gjenbrukskunst, idrett, drama og dans.

Om kvelden var det leik inne og ute, og prat rundt bålpanna.

Aktivitetane var styrt av Silje og gjekk fint med assistanse frå trusopplæringsutvalet, speidarleiarar og nokre russejenter.

Foreldre sytte for maten. På menyen stod det Taco,

Ungane sov i kyrkjerommet.

Borna tok og del i gudstenesta søndagen med dans. Dei hadde tydelegvis hatt det kjekt, for



Svært mange var med på «Lys vaken helg».

kyrkjegjengarane opplevde ein glad og fin flokk.. Etter kyrkje-kaffien var det utlodding der temaet var gjenbruk. Ungane hadde

med seg gevinstar heimanfrå. Pengane som kom inn, gjekk til speidarane si innsamling til ei speidargruppe i Ukraina og

kyrkjelyden sitt prosjekt i India gjennom Nor Misjon.



6-åringane som fekk bok i Ålbus sokn. Foto: Bjørg Dvergsdal.

- Vi får til det vi vil -


**INFORMASJON OM
FLASKEINNSAMLING I
HELGHEIM SOKN FREDAG
6. JANUAR 2023**



Speidargruppa vil også i år ha si vanlege flaskeinnsamling like etter nyttår. Vi planlegg å gjennomføre innsamlinga fredag ettermiddag /kveld 6. januar.

Om du ynskjer å gje flasker, men ikkje vil ha folk på døra kan du setje fram flaske- ne på førehand.

Speidargruppa vil ynskje alle i Jølster ei **GOD JUL** og eit **GODT NYTT ÅR**. Takk for samarbeid og velvilje i året som er gått!



«I det sårbare» – kulturkveld med Per Arne Dahl

Helgheim kyrkje, 17. januar kl. 19

Forfatter og biskop emeritus Per Arne Dahl har tidligare gitt ut boka «Sårbarhetens kraft». I denne boka reiser han spørsmål som: Er det rom for det sårbare i ei verd der den sterkaste ofte trekk det lengste strået? Er det mogeleg å finne styrke når ein føler seg som svakast? Denne kvelden møter du han i samtale med Inger Helene Noreide om det å våge det sårbare.

Visesong ved Hege Alme

Kveldsmat

Billett kr 200/150

Arr: Jølster litterære folkeakademi og Kyrkja i Jølster

El-piano til bruk i kyrkjene i Jølster

Det el-pianoet ein har er ikkje brukande lenger utan større reparasjon. Det er difor ynskjeom eit nytt el-piano. Eit berbart instrument. Ein har innhenta prisar, på nett kostar det kr.17000 og meir lokalt kostar det same instrumentet kr. 22 000, begge har 5 års garanti.

Pianoet står stasjonert i Ålhus kyrkje for der er ikkje piano, men pianoet vert brukt på andre til-

stellingar kyrkja står bak og der det ikkje er piano. I og med at pianoet står i Ålhus kyrkje og vert mest brukt der vart ein samd om ei 40/60 deling av kostnadene mellom Helgheim og Ålhus sokneråd.

Det er behov for eit el-piano, om det skulle vere nokon som ynskjer å gje ei gåve i samband med innkjøp av el-piano er det høve til det.

Kyrkjelyden sin julefest i Helgheim sokn blir 3. juledag kl. 17.00 på Skei Misjonshus.

Det ver sama mal som ein nytta for corona.

Tale - Julespel - Gang rundt juletre

Kveldsmat, Buffè med brødmat, pålegg
og kan hende nokre jule kaker.

Velkommen!

EIN PLASS FOR ALLE



Born og unge i kyrkja i Jølster

I tida framover har vi desse tilboda:

03.06 og 04.06

Tårnagethelg for 9- åringar i heile Jølster i Helgheim kyrkje

3. juledag

Juletefest på Skei misjonshus (gratis for 6 og 7 åringar)

KONTINUERLEGE
TILBOD:

4. juledag

Juletefest på Vassenden kyrkjesenter (gratis for 6 og 7 åringar)



22.01

Familiegudsteneste i Helgheim med utdeling av teikneseriebibel (Actionbibelen) til 10 åringar i Helgheim sokn. Det blir to Kode- B samlingar etter skuletid på misjonshuset i forkant.

Babysong annakvar torsdag kl 11.30 på Vassenden kyrkjesenter

Torsdagsklubb på Skei misjonssenter annakvar torsdag kl 17.30 (frå ca 4 år og oppover)

12.02

Familiegudsteneste i Ålhus med utdeling av teikneseriebibel (Actionbibelen) til 10 åringar i Ålhus sokn. Det blir to Kode- B samlingar etter skuletid på Vassenden kyrkjesenter i forkant.

Barnekor annakvar tysdag kl 17.30 på Vassenden kyrkjesenter (frå ca 4 år og t.o.m 2. klasse)

Barnegospel frå 3. klasse og oppover på onsdagar etter skuletid (annakvar veke på Skei skule og Vassenden kyrkjesenter)

25.03

Barneteater med Kirkerottene

Speidargruppe på Skei misjonshus på onsdagar kl 18 (frå 5 klasse)

02.04

Familiegudsteneste i Helgheim kyrkje der 8- åringar i heile Jølster er spesielt invitert. To påskesamlingar etter skuletid i forkant både på Skei misjonshus og Vassenden kyrkjesenter

Konfirmantkveldar

Sjå nettsida for datoar og meir info: kyrkja.no/jolster

Hjarteleg velkomen!

Trusopplæring

For oppdatert informasjon:

Sjå heimesida <https://kirken.no/sunnfjord> eller last ned appen MinMenighetsportal.

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!

Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølstraholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

Ottar Dvergsdal AS

952 00 433

JØLSTER RØR AS

Tlf. 57 72 83 50 / 959 87 820
Bjørn 959 87 822 / Geir 959 87 823



COOP MARKED VASSENDEN

Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP MARKED SKEI

Måndag–fredag: 9–21
Laurdag: 9–20

Tlf: 57 72 83 77
skei@marked.coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høy kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804

VESTLAND
VESTLAND GRUPPEN
ELEKTRO OG RØR

Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no

Fjordamat TUNET
- kurs og oppleving

Støringdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no

ENTREPRENØR
Ivar A. Sunde AS 
6847 Vassenden

BOSCH Service **Jølster Bil AS**
www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90

VASSENDEN TAXI
mob. 482 10022
Drosje, rullestolbil og minibuss

Br.S Å&Ø **Åsen & Øvrelid as**
Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde AS
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00



EIN SMAK AV TRADISJON
frå Anne Grete og Hilde

Søgnesand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



ALF HELGHEIM & CO AS
6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 83 11
post@alfhelgheim.no
www.alfhelgheim.no

FOTO • UR • GULL • SØLV • MUSIKK



ROALD SUNDE
Maskinentreprenør – Sentral godkjenning
Tlf. 57 72 81 91 / 952 31 915
GRAVING • TRANSPORT • MURING • SANDTAK

JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook

TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige
liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22.40.00.40

SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS SOS

Kyrkja er vår heim



DESEMBER

2. SUNDAG I ADVENTSTIDA – 04.12
Familiegudsteneste,
Adventsgudsteneste
Førde Grendahus kl. 11:00

3. SUNDAG I ADVENTSTIDA – 11.12
Gudsteneste
Ålhus kyrkje kl. 11:00

15.12 Skulegudsteneste
torsdag
Vassenden kyrkjesenter kl. 09:00

4. SUNDAG I ADVENTSTIDA – 18.12
Gudsteneste
Helgheim kyrkje kl. 11:00

19.12
Julevandring, for barnehagane
Ålhus kyrkje kl. 10:00
Julefortelling for barnehagane
Helgheim kyrkje kl. 13:00

24.12 Julaftan
Familiegudstenester
Helgheim kyrkje kl. 14:00
Vassenden kyrkjesenter kl. 16:00

25.12 Juledag
Høgtidsgudsteneste
Helgheim kyrkje kl. 12:00

31.12 Nyttårsnatt
Midnattsgudsteneste
Ålhus kyrkje kl. 23:15

JANUAR

KRISTI OPENBERRINGSDAG
08.01
Gudsteneste
Helgheim kyrkje. kl. 11:00

2 søndag i openberringstida
15.01
Gudsteneste
Ålhus kyrkje kl. 11:00

3. SUNDAG I OPENBERRINGSTIDA
22.01
Familiegudsteneste med utdeling av
bibelbok til 10 åringar
Helgheim kyrkje kl. 11:00

4. SUNDAG I OPENBERRINGSTIDA
29.01 Gudsteneste
Vassenden kyrkjesenter kl. 11:00

FEBRUAR

SÅMANNSSUNDAGEN - 05.02.
Gospel night
Helgheim kyrkje kl. 19:00

KRISTI FORKLÅRINGSDAG - 12.02.
Familiegudsteneste med utdeling av
bibelbok til 10 åringar
Ålhus kyrkje kl. 11:00
etter gudstenesta -Årsmøte for Ålhus
sokneråd

SØNDAG FØR FASTE - 19.02.
Gudsteneste
Helgheim kyrkje kl. 11:00

OSKEONSDAG – 22.02
Skriftmålgudsteneste
Førde kyrkje kl. 19:00

1. SUNDAG I FASTETIDA – 26.02
Gudsteneste
Vassenden kyrkjesenter kl. 11:00

MARS

2. SUNDAG I FASTETIDA - 05.03
Familiegudsteneste
Skei Misjonshus kl. 14:00
Basar etter gudstenesta

3. SUNDAG I FASTETIDA - 12.03
Gudsteneste
Ålhus kyrkje kl. 11:00

4 SUNDAG I FASTETIDA -SØNDAG 19.03
Gudsteneste
Helgheim kyrkje kl. 11:00
etter gudstenesta Årsmøte for Helgheim
sokneråd.

Døypete



ÅLHUS SOKN
Ålhus kyrkje
27.11 Elias Hegrenes Taklo
27.11 Klara Holager Bolset
27.11 Alma Sandnes

Vassenden kyrkjesenter
16.10 Eik Løvlie Kirkeeide
13.11 Peder Vanberg

HELGHEIM SOKN
Helgheim kyrkje
23.10 Celina Fugle Fosse

Vigde



ÅLHUS SOKN
Vassenden kyrkjesenter
22.10 Elise Kvalevåg og
Dan-Inge Gjesdal

Gravlagde



ÅLHUS SOKN
Vassenden kyrkjesenter
/Vassenden gravplass
08.11 Øystein Vatne
09.11 Arne Lesto

HELGHEIM SOKN
Helgheim kyrkje
/Helgheim kyrkjegard
21.10 Audun Bjarne Hartvig Leirvåg
22.11 Borgny Ness
24.11 Nora Myklebost

Det kan bli endringar i gudstenestelista, sjå i laurdags-Firda. Det kan vere dåp på nesten alle gudstenester, ta kontakt med kyrkjekontoret om ynskje om dåp. Natverd er det på mange av gudstenestene.



Samandrag av saker som har vore handsama i felles soknerådsmøte for Ålhus og Helgheim sokn hausten 2022

- Opprette utval for kyrkjemusikalsk arbeid. Det er ikkje teke endeleg avgjerd, men vi arbeider med saka.
- Orientering og drøfting om val av ny biskop.
- Konfirmant medhjelpar vert brukt både i kyrkjene under gudstenester, på torsdagsklubbar og barnekor. Vi må vere bevist på å informere alle som er med på dette arbeidet slik at medhjelparane ikkje blir usikre på kva dei skal gjere.
- Gudstenesteplanar for våren 2023.
- Drøftingar om kulturkveldane vi har hatt i kyrkja i 2022 og som ein skal ha den siste av dei som vart oppsette i januar 2023. Inntrykket er at det har vore positive arrangement
- Kyrkjelydane sine julefestar tek vi opp igjen etter at dei har lege nede i to år grunna pandemien.
- El-piano til bruk i det kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkjene i Jølster.
- Trusopplæringsutvalet har gjort nokre endringar i bruk av materiellet i arbeidet med barn og unge, dette godkjende sokneråda.
- Vi har og separate møte der vi tek opp dei sakene som er krav om skal gjerast vedtak om i kvart enkelt sokneråd, som økonomi i kvart enkelt sokn, årsmelding m.m.



**TIDEBØN og
OPEN KYRKJE**

Kvar tysdag kl. 11.00 er det tidebøn og open kyrkje i Vassenden kyrkjesenter. Unnateke dersom gravferd

SONGSTUND OG ANDAKT VINTEREN 2023

Kl. 14:00 på Vassenden omsorgssenter
kl. 16:30 på Skei omsorgssenter på desse tysdagane:



- 20. desember
- 3. januar
- 17. januar
- 7. februar
- 21. februar
- 07. mars
- 21. mars

KYRKJELYDANE SIN JULEFEST 2022



3. JULEDAG 27.12 KL.17:00
PÅ SKEI MISJONSHUS

4. JULEDAG 28.12 KL.17:00
PÅ VASSENDEN KYRKJESENTER
Program på Vassenden: juletankar, musikk av unge musikarar, barnekoret deltek, gang rundt juletreet, kveldsmat.